



Linn Hagesæter

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1831 - 19/11488

Saksbehandlar:

Nils Kaalaas

NIK@lindas.kommune.no

Dato:

08.04.2019

Søknad om tilskot til gjerde frå viltfondet

Eigar av gnr 205 bnr 2,3 og 6 i Lindås har planta til eiin stor del av areala på eigedomen med juletre og pyntegrønt. I søknaden om tilskot frå viltfondet, vert det skrive at det er nødvendig med å gjera hjorten ute frå dei områda der det er planta edelgran for å kunna ha økonomi utav produksjonen. Det er plan om å setja opp eit gjerde på 1500 meter som då vil ha verknad for eit areal på 87 dekar og kostnaden er stipulert til 80 kr/meter. I tillegg skal det setjast opp 6 portar til 1200 kr/stk. Totalt vert dette då 127.200 kr og det vert søkt viltfondet om 63.000 kroner i tilskot. Arbeidet er utført i dialog med viltforvaltninga, det er kjøpt inn materiell og arbeidet er utført.

Vurdering:

Forskrift om kommunale fylkeskommunale viltfond gjer greie for inntekter og kva viltfondsmidlane kan nyttast til §5:

«Tilskudd til å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.

Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.

Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt».

På eigedomen er det i dag investert store summer i etablering av jule og pyntegrønt og ein er kjend med at hjort og hjortevilt vil gjera store skader om dei ikkje vert halde ute frå slike plantasar.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om kommunale viltfond § 5 Løyver Lindås kommune 63.000 kroner til hjortegjerde på gnr 203 bnr 2 ved Linn Hagesæter.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tilskotet skal utbetalast ril bankkonto : 3632 08 044 55

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar skogbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kommunekassa